

Evaluering av krisehandtering ved straumstans/storm 10.01-14.01 2015

Sjukeheimstenesta

På kva måte blei eininga involvert i krisehandteringa?

Knarvik sjukeheim fungerte som mottak av innbyggjarar som ikkje kunne bu heime utan straum/telefon.

Korleis løyste eininga den konkrete krisa?

Straumstans som omfatta sjukeheimane helga 10/11 januar:

- **Såta bu og servicesenter:** Var utan straum frå ca 15.00 til 21.30 laurdag. Nøddaggregat frå ca 17.30. Brukte stearinlys og lommelykter. Avd.leder ble kontakta ca 19.45. Pga ustabilitet i strømnettet vart det beordra ekstra personell på natt.
- **Lindås bu- og servicesenter:** Var utan straum frå ca kl. 17.00 laurdag og fikk lysaggregat etter ca. 1 time (4-5 lys) og kl. 04.30 fikk institusjonen eit større aggregat som gav normal drift i fht straum. Straum kom tilbake i løpet av søndag formiddag. Brann skaffa ved og fyrte i peis.
- Brannvarslingsanlegget vart øydelagt då straumen gikk laurdag kl. 15. (måtte koble ut detektorar sidan alarm gjekk heile tida) Dette førte til ekstra arbeid i.f.t. branntryggleiken på institusjonen. Brannmanskap bisto med vakt på sjukeheimen det første døgnet. Ein hadde ekstra personell pga dette frå laurdag kveld, Avdelingsleiar var tilstades søndag og natt til måndag.
- **Knarvik sjukeheim :** Aggregatet forsynte sjukeheimen med straum. Normal drift. Institusjonen tok imot innbyggjarar som hadde behov for å evakuere frå heimen sin. Pasientar vart i hovudsak meldt frå heimetenesta, men og frå legevakta.

KKL:

- KKL: Kontakta einingsleiar laurdag kveld. Einingsleiar rykka ut til Såta og Knarvik sjukeheim og hadde tlf kontakt med avd.leiar ved Lindås B/S. Einingsleiar var bindeleddet mellom eininga og KKL. Det var fortløpande kontakt. Ass. Einingsleiar vart kontakta av KKL 12.01 kveld med info om at vakt nummer direkte til vakhavande sjukeheimen var distribuert til publikum.
- Måndag morgon vart det laga ein oversikt over pasientar som var kommet inn pga straumstansen (sjå siste side). Denne vart fortløpande oppdatert .

Har eininga beredskapsplan for denne typen hending? Blei Beredskapsplanen brukt?

Ja/ja

Vi ser at nokre punkt i planen må reviderast (m.a. spesifisere kor ofte ein skal gå ekstra rundar ved straumstans)

Kva fungerte bra?

Meldingsrutinar vart følgt internt

Innsatsen til brannvernet på Lindås bss og Såta bss var formidabel.

Det var ledige senger på Knarvik sjukeheimane i denne perioden. Dette gjorde at det var enklare å ta i mot innbyggjarar på kort varsel utanbeordring av ekstra personell.

Kva fungerte mindre bra?

Aggregat som kom frå BKK Bergen ble først montert opp på Lindås kjøpesenter. Tok difor lengre tid før dette var på plass.

Var det moment som gjorde krisehandteringa i eininga særleg utfordrande?

Vi ser at vi er svært sårbare for straumstans på Såta- og Lindås Bu-og servicesenter. Spesielt i mørketida, da nødaggregat berre gir litt lys i korridorane, og ikkje på pasientrom. Dette fører til engstelige pasientar. Dersom strømmen er vekke over tid vil ein måtte flytte pasientar som er avhengig av elektromedisinsk utstyr og oksygen til Knarvik sjukeheim.

Sjukesignalanlegget heldt i ca 2 timar ved straumstans. Etter dette må kreative løysingar nyttast, td bjelle etc. Mange av pasientane får ikkje til å bruke andre metodar for å tilkalle hjelp.

Har de forslag til konkrete tiltak som kan betre beredskapsarbeidet i eininga?

Behov:

Automatisk straumaggregat på Såta bss og Lindås bss

Fleire (og betre) hodelykter på Såta bss og Lindås bss (er bestilt)

Korleis fungerte samarbeidet og kommunikasjonen med andre fageiningar i kommunen? Evt med eksterne aktørar?

Heimetenesta: Godt samarbeid. Meldte innbyggjarar og varsla om mulige innleggingar ved Knarvik sjukeheim til vakthavande sjukepleiarar. Hadde fortløpande kontakt med avdelingsleiar frå måndag.

BKK: Hadde kontakt med BKK ang forventa innkobling av straum i bygdene inneliggjande innbyggjarar budde.

Nordhordland Legevak: Kontakta sjukeheimseininga v/vakthavande sjukepleiar for behov for overflytting av pasient.

Korleis fungerte samarbeidet og kommunikasjonen med KKL?

Bra. Men noko dårleg telefonlinje.

Korttidspasienter i samband med straumbrot januar 2015

Knarvik Sjukeheim

Status pr 14/1 kl 01530- sluttrapport

Avd 1

Løpenr	Distrikt	Inndato	Utdato	

Avd 2

Løpenr	Distrikt	Inndato	Utdato	Merknad
3826	Ostereidet	10/1	12/1	Reist
3132	Ostereidet	11/1	14/1	Reiser først 14/1 pga for kaldt hus
2366	Knarvik Nordaust	11/1		Holdt igjen pga red. alm tilst.
2789/1945	Alversund/Seim	11/1	12/1	Reist
2429	Ostereidet	12/1	13/1	Reist

Avd 3

Løpenr	Distrikt	Inndato	Utdato	Merknad
2644	Alversund/Seim	11/1	13/1	Reist
2494	Alversund Seim	10/1	12/1	Reist

